

KUNNSKAPSDEPARTEMENTET
Postboks 8119 DEP
0032 OSLO

Dykkar ref.: Vår ref.:
2020/185 - 4448/2020

Sakshandsamar:
Gina Beate Holsen

Dato:
05.06.2020

Svar på høyring NOU 2020: 3 Ny lov om universitet og høgskular

Helse Vest takker for moglegheita for å gi innspel til NOU 2020: 3 Ny lov om universitet og høgskular. Det er ei omfattande og grundig utgreiing som er sendt på høyring. Lovforslaget er utforma med eit klart språk og ein klar struktur, men lovforslaget er omfattande og det bør vurderast om teksten kan strammast inn for å gi betre oversikt og bli enda meir konsis.

Helse Vest gir innspel på følgjande områder:

§ 2-1. Institusjonens oppgaver

Vi støttar formuleringane i § 2-1 om institusjonens oppgåver og vil spesielt framheve punkt g) «Universiteter og høgskular skal samarbeide med relevante aktørar for å styrke verksemdas kvalitet og relevans».

Ei av hovudoppgåvene i helseføretaka er utdanning av helsepersonell og forskning, og vi er avhengig av eit godt samarbeid med universitet og høgskular.

Innanfor medisinsk og helsefaglig forskning, og anna helserelatert forskning, er det heilt grunnleggjande med eit godt samarbeid mellom helseføretaka og universiteta og høgskulane.

Det er viktig med godt samarbeid både om type utdanningar, innhald i utdanningane og dimensjonering for å sikre tilgang på personell med relevant og nødvendig kompetanse. Det er positivt med auka fokus på arbeidsrelevans i høgare utdanning, ikkje minst innanfor helse og sosialfaga. Viktige områder som må inngå i samarbeidet mellom partane er samarbeidsavtaler, formelle samarbeidsarenaer og tilrettelegging for kombinerte stillingar. Erfaring gjort i samband med RETHOS understøttar kor viktig det er med samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og arbeidslivet for å nå målsettinga om relevans i dei helsefaglige utdanningane.

§ 2- 4. Faglig frihet og ansvar

Vi har forslag til endring av følgjande tekst:

«Universiteter og høyskoler har ellers rett til å utforme sitt eget faglige og verdimessige grunnlag ~~innenfor de rammer som er fastsatt i eller i medhold av lov.~~

~~Universiteter og høyskoler~~ og kan ikke gis pålegg eller instruksjoner om

a) læreinnholdet i undervisningen og innholdet i forskningen eller i det kunstneriske og faglige utviklingsarbeidet eller

b) individuelle ansettelser eller utnevnelser.

Den som gir undervisning ved en institusjon under denne loven har et selvstendig faglig ansvar for innhold og opplegg av undervisningen innenfor de rammer som institusjonen fastsetter, eller som følger av lov eller i medhold av lov.»

Helsetenesta har vore tett involvert i utarbeidinga av nye, forskriftsfesta retningslinjer for helse- og sosialfagutdanningane (RETHOS). Her er det krav til felles læringsutbyttebeskrivingar på tvers av utdanningsinstitusjonane som er nedfelt i forskrift for kvar utdanning.

Det opplevast derfor som motstridande at ein først seier at universitet og høgskular har rett til utforme sitt eige faglege og verdimessige grunnlag innafor dei rammene som er fastsett i eller i medhald av lov, medan neste setning seier at universitet og høgskular ikkje kan gjevast pålegg eller instruksar om læreinnhald i undervisninga og det faglige utviklingsarbeidet.

Høyringsinstansane er bedne om å gjeve forslag til alternativ lovtekst.

Vi foreslår følgande endring i den aktuelle teksten i § 2-4:

Universiteter og høyskoler har ellers rett til å utforme sitt eget faglige og verdimessige grunnlag og kan ikke gis pålegg eller instruksjoner om

a) læreinnholdet i undervisningen og innholdet i forskningen eller i det kunstneriske og faglige utviklingsarbeidet eller

b) individuelle ansettelser eller utnevnelser med unntak av de rammer som er fastsatt i eller i medhold av lov.

Den som gir undervisning ved en institusjon under denne loven har et selvstendig faglig ansvar for innhold og opplegg av undervisningen innenfor de rammer som institusjonen fastsetter, eller som følger av lov eller i medhold av lov.

§ 4-9. Utestenging grunnet straffbare forhold – politiattest, første ledd

Forslaget om å endre ordlyden til «ved opptak til og underveis i studiet» er ikkje tydeleg. Ved dei korte profesjonsstudiane startar praksisgjennomføring i mange tilfelle kort tid etter starten av studiet og fortsetter kvart studieår. Vi foreslår at dette blir gjort tydeleg.

§ 6-2. Kvalifikasjoner som sidestilles med generell studiekompetanse

Vi er positive til ein moglegheit for opptak på grunnlag av unntak frå krav om generell studiekompetanse. Ein føresetnad vil vere at kriteria for opptak er godt definert. Vi anbefaler at ordninga evaluerast over tid med tanke på gjennomføringsgrad og oppnådde resultat for studentgruppa tatt opp på grunnlag av realkompetanse.

§ 8-7. Gjennomføring av førstegangssensur, første ledd

Lovutvalet foreslår å innføre nytt vurderingsuttrykk (utmerket/bestått/ikkje-bestått), som kommer i tillegg til dei to eksisterande vurderingsuttrykka (gradert skala A-F og bestått/ikkje-bestått). Vi ser ikkje nytta av denne tredeling, som vi meiner vil vere

komplisert å halde seg til. Vi foreslår alternativt å gå bort frå «bestått-ikkje bestått» og erstatte dette med det tredelte vurderingsuttrykket.

§ 8-7. Gjennomføring av førstegangssensur, andre ledd

Det er noko uklart kva lovutvalet meiner med forslaget om at det skal vere ekstern sensor i vurderinga av praksisstudiar. Det er praksisretteiar på praksisplassen og rettleiar frå utdanningsinstitusjonen som vurderer ein students praksisstudiar, men ingen av desse kan definerast som «ekstern» sensor. Vi meiner derfor forslaget om ekstern sensor for praksisstudiar bør tydeleggjerast eller fjernast i lovteksten.

§ 10-1. Skikkethetsvurdering

Vi støttar forslaget om å gjere reglane for når og korleis ein «» skal gjennomførast tydelegare. Døme: dagens ordning med «skikkethetsvurdering» for jordmødrerstudentar, men ikkje studentar innanfor vidareutdanning i barnesjukepleie synes ikkje å vere godt grunngjeve.

§ 10-4. Forstyrrende opptreden - bortvising

Vi støttar utvalets forslag om at institusjonen kan vise bort ein student etter grovt forstyrrende oppførsel etter ein skriftleg åtvaring. Viss den klanderverdige oppførselen skjer i ein praksissituasjon i helseføretak eller anna del av helsetenesta, krevjast det tett samarbeid mellom utdanningsinstitusjonen og praksisstaden for å unngå situasjonar som setter pasientar i fare. Helsetenesta må derfor i ein akutt situasjon kunne vise bort ein student straks for ein kort periode før utdanningsinstitusjonen har fatta vedtak om dette.

§ 10-6. Krav om politiattest

Vi støttar utvalets anbefaling om at politiattest krevjast ved opptak til aktuelle studiar for å unngå at ein student med merknad på politiattesten sin startar på studiet utan å kunne fullføre dette.

Vennleg helsing

Hilde Christiansen

Direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi

Dokumentet er elektronisk godkjent av: Hilde Brit Christiansen direktør medarbeider, organisasjon og teknologi